



PLANSTRATEGI
FEDJE KOMMUNE
2017-2020

Vedteken i Fedje kommunestyre i sak .../16, 15. desember 2016

Innhald

1. Målet med kommunal planstrategi	3
2. 2. Kommunen sitt plansystem	3
3. Utviklingstrekk og utfordringar	5
4. Vurdering av planbehovet.....	5
Kommuneplanen.....	5
Prioriterte planar	6
Planar og utgreiingar forankra i lov, forskrift og avtale	7
5. Prioritering av planoppgåver	8
6. Vedlegg.....	9
Vedlegg I: Lovheimel for kommunal planstrategi.....	9
Vedlegg II: Overordna føringar for planlegginga	10
Nasjonale forventningar	10
Regionale føringar.....	11

1. Målet med kommunal planstrategi


Etter plan- og bygningslova (pbl) § 10-1 er det eit krav at kommunane i kvar valperiode (kvart fjerde år) utformar ein planstrategi. Planstrategien skal vera utarbeida og vedtatt seinast eitt år etter at nytt kommunestyre er sett. Målet med planstrategien er å avklara kva planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden. Prioriteringane vert gjort for å møte utfordringar og venta utvikling i samfunnet og kommuneorganisasjonen. Prioriteringane vil også vera eit uttrykk for kva samfunn me ønskjer oss. Planstrategien gir oss ei moglegheit til å sikra heilskap i planlegginga og ei sterkare politisk styring av det kommunale planarbeidet.

I planstrategien inngår også ei vurdering av om gjeldande kommuneplan er tilfredsstillande, eller om heile eller delar (arealdelen eller samfunnsdelen) må gjennom ei rullering. Kommunen kan ta stilling til om det er behov for utarbeiding av nye arealplanar eller om dagens planar bør verte revidert eller oppheva. Den endelege planstrategien er ikkje ein plan, men skal vere retningsgivande for planlegginga til kommunen og sikra eit heilskapleg planverk. Nasjonale og regionale forventningar, føringar og planar spelar også inn, og slik skal samanhengen sikrast frå topp til botn i planhierarkiet.

2. 2. Kommunen sitt plansystem

Grunnpilaren i Fedje kommune sitt plansystem er kommuneplanen. Den består av ein arealdel og ein samfunnsdel og er det overordna planverket som andre planar skal forankrast i. Samstundes er det naudsynt at kommuneplanen sjølv er forankra i gjeldande lovverk og tek omsyn til nasjonale og regionale føringar og mål. Samfunnsdelen tek for seg utviklingstrekk og utfordringar i samfunnet og presenterer mål og strategiar for den framtidige utviklinga. Arealdelen med tilhøyrande føresegn seier kva type arealbruk som gjeld i ulike delar av kommunen. Ved utbygging krev somme område og tiltak ein *områdeplan* eller *reguleringsplan*. *Kommunedelplanar* tek føre seg ulike tema, til dømes idrett og friluftsliv, eller kulturminne. På somme område er det behov for endå meir spesifikke planar. Me snakkar då om tema og sektor- eller fagplanar. Døme på dette er *trafikksikringsplan*, *beredskapsplan for vassverket*, *ruspolitisk handlingsplan*, med meir. Alle planar skal forankrast oppover i det kommunale planhierarkiet, kor kommuneplanen tronar på toppen. Tiltak frå dei ulike planane må inn i budsjettet. Økonomiplanen er fireårig og tek for seg dei store linene i inntekter, drift og investering, medan årsbudsjettet er meir konkret.

Interkommunale plansamarbeid er òg ein del av kommunekvardagen. Kommunereforma vil gjera at mange gifteklare kommunar vil sjå kvarandres planprosessar i samanheng. I småkommunar som Fedje er det vanleg å delta i interkommunale samarbeid for nokre av dei lovpålagte tenestene. Helsetenester og renovasjon er døme på dette.



Figur 1: Det kommunale plansystemet.

3. Utviklingstrekk og utfordringar

Etter §10-1 (om kommunal planstrategi) i plan- og bygningslova (2008) bør planstrategien omfatta «*ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda til sektorane og ei vurdering av planbehovet til kommunen i valperioden*». For planperioden 2017-2020 ser me eit behov for å rullera samfunnsdelen til kommuneplanen. Det vil difor vera naturleg å ta denne drøftinga i denne samanheng. I tillegg vil me utarbeida planar for store sektorar i kommunen, der utvikling og utfordringar for dei relevante samfunnsområda bør drøftast. Overordna myndigheiter ønskjer at mellom anna klimatilpassing, utfordringar innan kultur og idrett og planlegging av sjøareal vert drøfta. Meir om overordna føringar finn du i vedlegg II til planstrategien.

4. Vurdering av planbehovet

Kommuneplanen

Samfunnsdelen til kommuneplanen

Folkehelse og flyktningar er to område som ikkje er godt nok ivaretatt i samfunnsdelen. Fedje kommune har sidan samfunnsdelen vart utarbeida byrja med busetting av flyktningar, eit arbeid som involverer fleire sektorar av den kommunale verksemda. Det er behov for å gjera opp status og setta overordna mål og strategiar for arbeidet. Folkehelse skal inn i all kommunal verksemd, og mål og strategiar skal inn i kommuneplanen. Me har ei fersk folkehelsekartlegging som skal ligga til grunn for utarbeidinga av måla og strategiane. Andre område i samfunnsdelen bør også gjennomgåast.

Rullering av samfunnsdelen må sjåast i samanheng med andre større planoppgåver i planperioden. Me vurderer det som tenleg å utarbeida *helse- og omsorgsplan, oppvekstplan og plan for næring og samfunnsutvikling* før me går laus på rulleringa av samfunnsdelen. Då har me høve til å gå djupare inn i sentrale problemstillingar og skaffa oss eit betre grunnlag for å utforma overordna mål og strategiar i samfunnsdelen.

Arealdelen til kommuneplanen

Gjeldande kommuneplan vart vedtatt 14. mars 2013. Merknadar som grunneigarar kom med under høyringsrunden vart ikkje tatt til følgje i vedtaket, men eit utval er følgt opp i etterkant. Arealdelen dekkjer dagens behov ganske godt, balanserer ulike arealinteresser på ein tilfredsstillande måte og gir kommunen samla sett eit relativt stort handlingsrom.

Prioriterte planar

Helse- og omsorgsplan

Det er eit stort behov for ein samla gjennomgang av helse- og omsorgssektoren i kommunen. Det er kome nye lovkrav mellom anna knytt til primærhelsemeldinga som påverkar mange sider av verksemda. Det ligg store moglegheiter i omsorgsteknologi som kommunen bør ta stilling til. Prinsippa frå *kunnskapsbasert praksis* (KBP) bør verta innarbeida i større delar av verksemda for å sikra kvalitet i tenestene. Mål for ein plan er ei heilskapleg organisering av tenestene som er tilpassa årene som kjem.

Oppvekstplan

Barnetal i barnehage og skule har mykje å seie for korleis me organiserer desse tenestene. Folketalsutviklinga på Fedje har i eit lengre perspektiv vore negativ, medan me har opplevd vekst dei to siste åra. Busetting av flyktingar har saman med tilflytting verka positivt. Det er vanskeleg å seie noko om framtidig utvikling, men me bør likevel leggja ein plan for korleis me skal organisera tenestene. Heilskapen er viktig. Me må sjå barnehage og skule i samanheng med folkehelse, helse, kultur, næring og trafikksikring.

Idrett og friluftsliv

Gjeldande plan er utdatert. Skal ein søka støtte til nye utbyggingar vil det vera ei styrke og ved nokre høve ei føresetnad at tiltaka er forankra i ein oppdatert plan. Me er godt rusta på idrettsanlegg men har eit stort potensiale når det gjeld etablering og utvikling av nærmiljøanlegg, friluftsområde og turstiar.

Plan for næring og samfunnsutvikling

Førre næringsplan er frå 1999 og er utdatert. Det er behov for å tenka heilskapleg og langsiktig kring næringsutvikling. Næring bør sjåast i samanheng med infrastruktur, sentrumsutvikling, skule, bustadpolitikk, kultur og folkehelse, med meir.

Trafikksikringsplan

Ein oppdatert trafikksikringsplan er naudsynt for å kunne søka trafikksikringsmidlar. Vegane på Fedje er generelt smale og kronglete. Det inneber at endringar i trafikkbilete, næring og busettingsmønster fort vil kunne skapa nye utfordringar for trafikktryggleiken. Byggefeltet i Torvhaugane kan til dømes føra til at vegen til Vestkanten i større grad enn i dag vert ein skuleveg.

Planar og utgreiingar forankra i lov, forskrift og avtale

Rusplan

Rusplanen skal rullerast kvart første år, i samband med at eit nytt kommunestyre tiltrer. Neste val er 2019, noko som inneber ei rullering av rusplanen ved utgangen av denne planperioden.

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

Kommunen er per oktober 2016 i ferd med å ferdigstilla heilskapleg ROS-analyse etter ei grundig rullering. Analysen skal reviderast kvart fjerde år eller oftare viss det er vesentlege endringar i risikobiletet som tilseier revisjon. Det inneber ei rullering i 2020.

Folkehelseoversikt

Folkehelseoversikta skal ligga til grunn for arbeidet med kommunal planstrategi, og skal såleis fornyast kvart fjerde år i takt med planstrategien. Arbeidet med folkehelseoversikt bør starta opp først, slik at oversikta kan inngå som grunnlagsmateriale for planstrategiprosessen. Sistnemnte prosess bør starta opp våren 2020.

Personalplan

Fedje kommune sin personalplan skal rullerast kvart fjerde år i midten av ein valperiode. Gjeldande plan er frå 2016. Planrevisjonen bør starta opp i slutten av planperioden og er venta å gå inn i neste planperiode.

Handlingsplan for inkluderande arbeidsliv

Fedje kommune er knytt til avtala om *inkluderande arbeidsliv*. Det er forventa at IA-verksemder lagar handlingsplanar for inkluderande arbeidsliv. Ny handlingsplan vil verta aktuell frå 2019.

5. Prioritering av planoppgåver

Ansv.	Plantype og -namn	vår 2017	haust 2017	vår 2018	haust 2018	vår 2019	haust 2019	vår 2020	haust 2020
Kommuneplan									
RÅD	Samfunnsdel (2013)								
RÅD	Arealdel (2013 (+ 2016))	Vidareførast							
Kommunedelplanar									
HOO	Helse – og omsorgsplan (ny)	Oppstart							
HOO	Oppvekstplan (ny)	Oppstart							
TEK	Idrett og friluftsliv (2000)								Ferdig h. 2020
Arealplanar									
Me legg ikkje opp til nye arealplanar i planperioden.									
Tema- og sektorplanar									
RÅD	Plan for næring og samfunns- utvikling (1999)								
TEK	Trafikksikringsplan (2003)	Oppstart							
HOO	Rusplan (2016)								Ferdig h. 2020
RÅD	Heilskapleg ROS-analyse (2016)								Ferdig h.2020
Kartleggingar									
RÅD	Folkehelseoversikt (2016)								
Organisasjonsplanar									
RÅD	Personalplan (2016)								Oppstart
RÅD	Handlingsplan for inkluderande arbeidsliv (2015)								

Første kolonne til venstre syner kven som sit med det administrative ansvaret for gjennomføring av planprosessane. RÅD = rådmann med stab. HOO = Helse, omsorg og oppvekst. TEK = Teknisk etat.

6. Vedlegg

Vedlegg I: Lovheimel for kommunal planstrategi

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (2008)

§ 10-1. Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11

Vedlegg II: Overordna føringar for planlegginga

Nasjonale forventningar

Kvart fjerde år utarbeidar regjeringa «*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*». Dette er eit nøkkeldokument som tar føre seg dei mest sentrale føringane frå statleg hald som skal ligga til grunn for all kommunal planlegging. Gjeldande utgåve vart vedtatt i juni 2015. Forventningane til den sittande regjeringa er knytt til tre målområde:

- **Gode og effektive planprosessar**, der mellom anna følgjande vert framheva som viktig:
 - eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag i planlegginga
 - sikring av tidleg medverknad frå innbyggjarar, styremakter, partar og interesseorganisasjonar
 - aktiv bruk av regionalt planforum
 - bruk av moglegheitane som plan- og bygningslova gir til prioriteringar og forenklingar i det kommunale plansystemet
 - god og rask handsaming av private planframlegg, med tydelege krav tidleg i prosessen
 - enkel tilgang til digitale plandata og bruk av verktøy for digital plandialog og plan- og byggesakshandsaming
- **Berekraftig areal- og samfunnsutvikling**, der mellom anna følgjande vert vektlagt:
 - reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering
 - omsyn til risiko- og sårbarheit i samfunns- og arealplanlegginga
 - identifisering av viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og omsyn til desse i planlegginga
 - verdiskaping gjennom berekraftig næringsutvikling og innovasjon og tilstrekkeleg næringsareal
 - sikring av viktige jordbruksområde og tilrettelegging for nye, grønne næringar
 - sikring av areal til fiskeri- og havbruksnæringa, med omsyn til miljøet og andre samfunnsinteresser
- **Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde**, der m.a. følgjande vert vektlagt:
 - fastsetting av regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, medrekna knutepunkt i kollektivtrafikken
 - sikra store og samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde
 - tilrettelegging for tilstrekkeleg og variert bustadbygging
 - høg arealutnytting kring kollektivknutepunkt og tilrettelegging for auka bruk av sykkel og gange i det daglege
 - ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk for å skapa gode og levande (lands)bymiljø.
 - arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grønne element som ressursar i sentrumsutviklinga
 - sikring av trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø
 - tilrettelegging for fysisk aktivitet og trivsel gjennom tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv
 - prinsippa om tilgjenge og universell utforming vert lagt til grunn i planlegging av omgjevnader og bygningar.

Regionale føringar

Hordaland fylkeskommune har gitt sine synspunkt til dei kommunale planstrategiane i eit brev datert 22. februar 2016. Synspunkta er både generelle og knytt til tema, og har si forankring i vedtatte regionale planar og fylkeskommunen sitt forvaltingsansvar. Dei generelle synspunkta gjeld føresetnader for planstrategiarbeidet og problemstillingar kommunane skal ta stilling til i arbeidet med sjølve planstrategien. Dei temavise innspelane er knytt til følgjande område:

- **Klima og energi**, der fylkeskommunen syner til «Klimaplan for Hordaland 2014-2030. Dei presenterer relevante retningslinjer for *tilpassing til klimaendringar* og for *planlegging*. Spesifikt for kommunal planstrategi skriv HFK at klimaendringar må inn som eit vurderingstema.
- **Folkehelse**, der fylkeskommunen syner til «Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle (2014-2025). Planen inneheld mål, strategiar og planretningslinjer som er sentrale for kommunal samfunnsplanlegging. Fylkeskommunen har også ressursider om folkehelse på www.hordaland.no/folkehelse.
- **Attraktive senter og senterstruktur**, der fylkeskommunen syner til «Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel (2015-2026)». HFK presenterer i brevet utdrag av relevante retningslinjer frå planen.
- **Areal- og transportplanlegging**, med omtale av fleire underområde, mellom anna:
 - *Utbyggingsmønster*, der HFK legg vekt på at kommunane legg opp til utbygging som reduserer behovet for bruk av bil.
 - *Regional transportplan (RTP)* som legg rammar for regionale etatar, staten og kommunane si verksemd og planlegging
 - *Trafikksikring*, der det vert oppmoda til utarbeiding av planar som fokuserer på førebygging, haldningsskapande arbeid og fysisk trafikksikringsarbeid.
 - *Gange og sykkel*, der målet er å auka delen av gåande og syklande.
 - *Kollektivstrategi*, der HFK syner til «Kollektivstrategi for Hordaland» som relevant for kommunal plan- og utgreiingsarbeid
- **Natur og landskap**, der målet er ivaretaking av landskap i eit langsiktig perspektiv som ei kjelde til identitet og livskvalitet. Strandsona vert omtalt, der mellom anna styrking av allemannsretten vert trekt fram.
- **Kultur og kulturminne**, der HFK trekk fram kommunane sitt kulturminneansvar og viktigheita av at kommunane legg tilrette for kvardagsaktiviteten, med moglegheiter for friluftsliv, gåturar og annan fysisk aktivitet i nærmiljøet. Utfordringane innan kultur- og idrettsfeltet bør inngå i arbeidet med kommunal planstrategi.
- **Næringsutvikling**, der fylkeskommunen syner til «Regional næringsplan 2013-2017». Her vert mellom anna berekraftig planlegging av næringsareal, fokus på næringar med særlege føremonar og berekraftig kystsoneforvaltning og arealplanlegging trekt fram. Kommunane bør vurderer behovet for revisjon av planlegginga av sjøareala i planstrategien.
- **Kompetanse og opplæring**, der fylkeskommunen mellom anna peikar på viktigheita av å jobba mot fråfall i utdanningsløpet og at kommunen ser på seg sjølv som ei lærebedrift.